



Sigbjørn Rød kan syna til 25 år på Svalbard som gruvearbeidar.

Sigbjørn Rød (f. 1954) er den frå Uskedalen som verkeleg kan kalla seg gruvearbeidar. Alt som 22 åring i 1976 reiste han til Svalbard og fekk jobb i gruvene. Fram til 2005 var han reperatur, seinare tradisjonell gruvearbeidar. Han har vore på Svalbard i tre periodar og har vore innom tilsaman fem ulike gruver.

Sigbjørn jobba ei tid på SØRAL Han hadde eventyrlyst og kom i kontakt med tilsette på SØRAL som hadde vore på Svalbard. Dei talde han til å reisa. Det lukkast ikkje utsetjing av fyrstegangstenesta i militæret, sjølv om arbeid på Svalbard var permisjonsgrunn. Difor måtte han utsetja reisa eit år.

Sigbjørn Rød har mange gode minne frå tida i gruvene, men ikkje alt var like oppløftande. Ein god ven omkom i gruva i det som vert kalla blokkfall. Det var store steinar som fall ned og som ofte førte til døden om ein fekk det på seg. Ein måtte ha god fysisk og psykisk helse. Det var trøgt og ein måtte ofte krypa. Det var ofte store påkjenningar, særleg på knea.



Bilete frå gruve 3 syner kor trangt og krevjande det kunne vera. Det mest vanlege var kneskade.

Sigbjørn har vore i gruve 3, 6, 7, Svea Vest og Svea Nord. No er det berre drift i gruve 7 inne i Longyearbyen. Det var tre skift og arbeidstida var 8 timar på.

- Skift 1 kutta, bora og skaut.
- Skift 2 grov ut kolet.
- Skift 3 flytta inn stempel, sikra og gjorde klart for ny boring.

Det vart veksla på å gjera dei ulike arbeidsoppgåvene. Han minnest godt vegen på snøen, slik Jostein Fredheim fortalde om. No er breen borte, men vegen er enno synleg.

Store Norske Kullkompani var pytt og panne i lokalsamfunnet. Selskapet stod for alt, til dømes skule, barnehage, handel, kulturtilbod og andre velferdsgoder. Slik var det den gongen. I dag er det å bu på i Longyearbyen om lag som å bu på fastlandet.

Sigbjørn Rød hadde eigen leileghet på 70 kvadratmeter med to soverom. I to periodar, 1982 - 87 og 1989 - 90, hadde han familien med. Borna gjekk på skulen i Longyearbyen. Han har vore i Barentsburg, men ikkje i Ny Ålesund.

Sigbjørn hugsar godt den gongen Jan Helge Pile og gjengen rodde og segla Spitsbergen rundt. Ved innkomsten til Longyearbyen gjekk han ned på kaien med tilbod om å koma opp i leilegheten for ein dusj. Tilbodet vart godt motteke.

Dette var det siste i ein serie innlegg frå Svalbard. Takk for tips, hjelp og god informasjon.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Henta frå ein gruvebrosjyre/ Kristian Bringedal



Gruve 3, 6 og 7 ligg i område rundt Longyearbyen. Svea hadde to gruver.